



Saksframlegg

Tildeling av midlar frå legatet Handelsmann og tidlegare hotelleigar Olav Gjøstein og hustru Martha, F. Kvale sitt fond STI

2026

Saksnr.	Utval	Møtedato
11/26	Handelsmann og tidlegare hotelleigar Olav Gjøstein og hustru Martha, f. Kvale sitt fond STI	03.09.2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Styret i legatet avslår søknaden frå KFUK-KFUM Voss då tiltaket ikkje er innafor føremålet til legatet.

Samandrag

KFUK-KFUM Voss sende 25. mai søknad om tilskot på 1 090 000 kroner til oppgradering av gravferdslokale i Vonheim. Søknaden ligg ved.

Saksopplysingar

§2 i vedtektene til legatet seier: *Fondet sitt føremål er kunstnarleg utsmykking, helst skulpturell, av dei gravplassar og gravferdslokale i Voss som til ei kvar tid er i bruk. Vedlikehald av slik utsmykking høyrer likeeins til fondet sitt føremål.*

Frå søknaden: I samband med eit stort og høgst nødvendig vedlikehald på forsamlingshuset Vonheim, som no blir 50 år, er det også påkrevd at gravferdslokalet i 1.etg får ei oppgradering både innvendig og utvendig, noko som i stor grad vil innebere ei visuell oppgradering. Utvendig oppgradering er særskild viktig då bygget som næraste nabo til Voss kyrkjegard og Olavskrossen i sentrum av Voss kan fortsetja å framstå som eit verdig og vakkert bygg. Arbeidet vil inkludere vindauge, fasade, lysarmatur, varmpumpe og brannvarslingsanlegg.

Rådmannen si vurdering

Sett ut frå søknaden gjeld alle oppsette linje vedlikehald og/eller oppgradering av bygget Vonheim.

Det er ikkje innafor legatet sine vedtekter å gje tilskot til vedlikehald og/eller oppgradering. Iflg. §2 i vedtektene skal legatet gje tilskot til skulpturelle utsmykkingar. I søknaden vert det ikkje vist til at ein ynskjer tilskot til utsmykking, verken til innkjøp eller vedlikehald.

Vedlegg

Gjeldande vedtekter Gjøstein legat

Søknad til Legatet Olav Gjøstein og hustru Marta F. Kvale sitt fond